

Aa mor eg er no so hjarteglad

1) Aa mor eg er no so hjarteglad
kor gilde da er no aa leva
slik treva aa hugna allesta
aa du! korleis tankane svæva
Leiking aa song i kvar ei grend
mat aa morro kvarhelst ein kjem

2) No kjæra Elen du er for kaat
her er no so mangeslags frettna
fela so snart kan faa annan laat
kvinten paa fela snart kan slitna
verdi er skoddekall aa trong
det vert 'kje alltid spel aa song

3) Aa Elen eg karar, spøtar og spinn
eg vøver, eg kokar aa vaska
eg vonlar, mjølkar, bær vatnet inn
eg gjeng no med alt staaket aa baska
du berre speiglar aa klær deg akkorat
du spelar aa syng aa faar deg mat

4) Du kan vel venta eg leiest no
eg ser da vil verta for gale
at du let ho mor di stræva so
aa stella baate kydna aa smale
du kunne letta eite grand
arbeid adlar baa kvinna aa mann

5) Aa mor du dansad vel aag aa song
daa du var ung aa lett paa foten
du speigla deg vel so mangan gong
aa kledde deg vel etter moten
aa tenkte du ærleg paa deg sjølv
so tok du det meir med ro aa tøl